

Kvinnherad idrettsråd



Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Uskedalen 26.06.2016

Referat frå styremøte tysdag 14.06.2016

Rådhuset, kommunestyresalen kl. 18.00 – 19:50

Møtt: Steinar Bjørkelund, Anna Prestnes, Bjarte Solheim, Tronn Urdshals, Inga Aarseth, Gro Rusten Saghaug, Ágúst Magnússon, Nina Klette Leganger, Anbjørn Høivik.

Forfall: Christin Sund, Gunnar Våge.

1. Konstituering av styret

Kasserar: Gunnar Våge

Sekretær: Gro Rusten Saghaug skriv dei gongene ho møter

Webansvarleg: Anna Prestnes

2. Oppfølging av årsmøtevedtaka

Lokale aktivitetsmidlar: Informasjon om fordeling av LAM, breiddestipend og etablering av ressurskontakt skal sendast medlemslaga før sommarferien.

Idrettsstipend for Kvinnherad: Bjarte jobbar vidare med å skaffa sponsorar til elitestipendet. Anna jobbar med nettbasert søknads- og rapporteringsskjema.

3. Status og vidareføring av andre saker

Det vart orientert om arbeidet med ny idrettshall på Husnes, plan og prioritering av anleggsutbygging i Kvinnherad, samarbeidsavtale med kommunen og deltaking i idrettskretsen sine arrangement.

4. Ymse

Arbeidsprogram, vedtekter, budsjett, stipendstatuttar og oversikt over styremedlemer skal sendast styret og/eller gjerast tilgjengeleg på heimesida.

Oppdatera Einingsregisteret (brrreg.no): Nye styremedlemer og vara må senda personnummeret sitt til Anbjørn slik at vi får oppdatert opplysningane i Brønnøysundregistra. Dei nye vedtektene skal også sendast dit når dei er godkjent av kretsen.

1500 KM-medaljar er no produsert og levert til leiaren. Vi må etablere praksis for tinging og betaling (30,- per medalje). Anna set opp tingingsskjema på heimesida.

5. Neste møte

Tysdag 6. september hos eit av medlemslaga. Innkalling kjem.

Anbjørn Høivik,
referent